
Vår referanse 2020/43839-4
Dato 02.04.2020

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til høyring - auka slukeevne i Freim kraftverk - Ullensvang kommune

Næring

Det er i utgangspunktet bra å produsere så mykje rein energi som mogeleg nær der det er store kraftbehov for å avlaste kraftnettet. Det er mykje kraftkrevjande industri i Odda og Tyssedal. Vestland fylkeskommune vurderer at dette er eit godt tiltak, då det bidreg til trygg levering av rein kraft der det trengst.

Klimatilpassing

I ljøs av at det vert stadig våtare og mindre stabilt vêr meiner me det truleg er eit godt tiltak å gjere kraftverket i stand til å sluka større vassmengder for å bidra til å hindra flaum i periodar med stor vassføring. I rapporten «Klima i Norge 2100» vert det lagt fram at sjansen for flaum vil auka i tråd med klimaendringane.

Kulturminne

Me har ingen merknad til omsøkt tiltaket når det gjeld regionale eller nasjonale kulturminneinteresser.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
Seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift